



Toppen på Geitadalstind er nådd. Dei tre er Bjørn Olav Tveit (turleiar laurdag), Siren Simonness og Hedda von der Lippe.

**Fjellsportgruppa i Kvinnherad Turlag lokkar med ein spektakulær Nåso-tur laurdag - til toppen av Geitadalstind frå Uskedal-sida. Det er eitt nytt tilbod og turleiarar er dei erfarne fjellkarene Bjørn Olav Tveit og Tor Vidar Sæle. Vil ein vera med. kan ein ringa Bjørn Olav på 47 23 61 87. Det er oppmøte ved grano klokka 9**

Turen startar ved kalkstasjonen og opp Geiteryggen til Låganåso må ein bera skiene. Derifrå er det snø og ein kan gå på fellar mot toppen. Ned att kan ein velje ulike spennande nedfartar med ulik helling og vanskegrad.

Hvis formen og tida tillet det, kan det vera aktuelt med fleire turar til toppen.

Som ein forstår passar denne turen for fjellsportinteresserte. I det siste har det vore stor aktivitet i området under turmålet der det framleis er bra med snø. Så mange som 20 på ein dag har vore å sjå på denne ruta.

I mai kjem det så ei rekke fellesturar anten ein vil gå på ski, padla kajakk eller bruka beina. Allereie den første søndagen er det tur til topps på Tysnes.

4. mai skal alle åttandeklassingane i kommunen gå til Nordfjell frå Valen som ledd i det landsomfattande Opptur-arrangementet.

7. og 8. mai er det padletur i Os-vassdraget og dei samme dagane går den populære Fonna-turen. Denne er med overnatting, men det er også ein eindagstur på Fonna 22.mai. Dene dagen er det også fottur til jettegrytene på Rullestad.

Av Ola Matti Mathisen.



Frå toppen av Nåso er utsikten fantastisk